



## Elevane og heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1956 - 15/21383

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

08.06.2015

## TIL heimane: Om klagerett på standpunktkarakterar 2015

### Klageretten er regulert av § 5 i føresegn til Opplæringslova.

- Elevar (over 15 år) eller deira føresette har klagerett på standpunktkarakterar: fagkarakter, karakter i orden og/eller åtferd, valfagskarakterar der eleven avsluttar eit valfag og på eksamenskarakterar. Fristen for å klage er 10 dagar frå den dag karakterane er gjort kjende (08.juni - 18.juni 2015).
- **Prosedyre:** For å forvise seg om at ein karakter eleven meiner er urimeleg, ikkje er sett ved feilføring, bør eleven og eller dei føresette ta opp dette med faglærer og evt. be faglærer grunngi karakteren. Spørsmål om grunngjeving skriftleg eller munnleg vil oppsette (stanse tida og forlenge) klagefristen inntil svaret er motteke.
- Dersom elev/ føresette og lærar vert samde om at karakteren som er sett, er rett, fell klagegrunnlaget vekk.
- Dersom lærar innser at det er ført feil, må likevel klageprosedyren følgjast sjølv om karakteren vert retta.
- Dersom eleven etter å ha motteke grunngjeving vel å klage, skal klagen vere skriftleg og underskriven og sendast skulen v/ rektor. Klagen treng ikkje grunngjevast.
- **Klage på standpunktkarakter fag:**  
Klageinstansen (Fylkesmannen) vurderer om skulen har følgd gjeldande reglar for vurdering.
- **Klage på standpunktkarakter i orden og/ eller åtferd**  
Klagekrava er dei same som ovanfor: Klagen må vere skriftleg, det må seiast kva det vert klaga på og klagen må underskrivast.
- **Prosedyren vidare:**  
- Rektor registrerer klagen og faglærer skriv fråsegn om korleis karakteren er fastsett eller kvifor det ikkje er sett karakter (IV- ikkje vurderingsgrunnlag).

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Rektor skriv om sakshandsaminga på skulen og sender klagen til Fylkesmannen i Hordaland. Klagar skal ha kopi av alle skriv.
- Klage kan slå ut til gunst eller ugunst eller ingen av delane. Utdanningskontoret hos Fylkesmannen handsamar klagen, sender svaret sitt tilbake til skulen med si vurdering.
- Evt. skipar rektor og faglærer til eit nytt karaktermøte for å fastsetje karakteren. Etter dette får klagar svar og resultatet vert meddelt Fylkesmannen. Avgjerda skal vere grunngjeven. Dette er ei endeleg avgjerd og kan ikkje klagast på.

Ostereidet, 08.06.15

Arne Riisnes, rektor

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Elevane og heimane